



LINDÅS KOMMUNE

Eigedomseininga

## Avtale mellom Lindås kommune og Sameiget Langheiane

### Avtalepartar:

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, organisasjonsnummer 935084733, heretter kalla «kommunen»

Sameiget Langheiane, Lonsvegen 7-9, 5914 Isdalstø, organisasjonsnummer 914460085, heretter kalla «sameiget»

### Berørte eigedomar:

Sameiget gardsnummer 188, bruksnummer 773.

Kommunen gardsnummer 188, bruksnummer 795.

### Følgjande avtale er inngått mellom kommunen og sameiget

Sameiget får planta plen på del av kommunen sin eigedom som grensar mot sameiget i sør. Det aktuelle området er merka med grønt og talet 1 på vedlagte kart. Sameiget forpliktar seg til å slå og vedlikehalda plen som vert anlagt på kommunen sin eigedom.

Sameiget får løyve til å halda nede vegetasjon på kommunal eigedom mellom fortauet langs Lonsvegen og Sameiget sitt gjerde. Området er merka med talet 2 på vedlagte kart.

Lindås kommune leverer nødvendig mengde jord eigna til å planta plen på område 1, samt nødvendig mengde plenfrø. Tidspunkt for levering vert avtalt nærare med styret i sameiget.

Lindås kommune si vegavdeling vil stå for grovplanering av jord.

Planting skal skje på ein slik måte at det ikkje forringar beredskapsveg frå Lonsvegen og inn på sør enden av sameiget sin tomt.

Vegetasjon mellom sør del av sameiget sin eigedom og tursti og gravplass i aust, skal oppretthaldast for å skapa ein naturleg buffer mellom husværa og tursti/gravplass.

Lindås kommune har rett til å avslutta avtalen dersom kommunen skal ta det aktuelle arealet i bruk til anna formål. Dersom sameiget mislegheldt vedlikehald av plen som vert planta på kommunen sin eigedom, fell avtalen bort.


Vedlegg:

Kart over Sameiget Langheiane


Knarvik 09.01.2018

For Lindås kommune

  
-----  
Hogne Haugsdal, assisterande rådmann



For Sameiget Langheiane

  
-----  
Per Bremnes, styreleiar